



eiendomsmagasinet

# hus og hjem

BILAG TIL  
BERGENS TIDENDE,  
NR. 172  
**FREDAG**  
29. JUNI 2012



Vakre Høyanger  
vekte oppsikt

FOTO: JAN M. LILLEBØ

Selge bolig? Vi har kjøperne!

 **Krogsveen**  
Litt mer siden 1975



I 2011 var 40 % av våre budgivere personer som allerede stod i vårt BoligsøkerRegister, dette kan bety flere budgivere og bedre pris for din bolig!

Krogsveen gir deg tilgang på flest kjøpere  
- sjekk hvor mange som drømmer om din bolig på  
[www.krogsveen.no](http://www.krogsveen.no)

Krogsveen avd. Bergen, Tlf. 55 61 01 00  
Krogsveen avd. Åsane, Tlf. 55 61 01 00







## Fabrikkbyane

Industriestadene er urbane holmar i det vestlandske bygdehavet. På kort tid vaks dei fram, planlagde etter si tids byplanideal, med eit bygningsmiljø som er annleis enn i bygdene omkring. Bli med på vår reise til åtte vestlandske fabrikkbyar, frå Svelgen i nord, til Odda i sør.

STONGFJORDEN 22. JUNI  
HØYANGER 29. JUNI  
SVELGEN 6. JULI  
ÅRDAL 13. JULI  
TYSSDAL 20. JULI  
ODDA 27. JULI  
ÅLVIK 3. AUGUST  
YTRE ARNA 10. AUGUST

**DET ER DEN SAME** historia som går att på desse stadene som vaks fram i tida etter år 1900: Industrireisarar finn ein foss inst i ein fjord. Bønder sel fallrettar, gard og grunn. Kraftstasjonen vert bygd for å forsyne ein fabrikk som skal produsere varer verda har bruk for ved inngangen til ei ny og industrialisert tidsalder. Og industribyggjarane forstår at skal dei klara å byggja opp ein stabil arbeidsstokk på desse avsidesliggjande stadene, må dei lokka med meir enn løn i lomma. Dei innser at det må byggjast attraktive samfunn med gode familiehøve for arbeidarar, funksjonærar og direktørar. Og alt må leggjast til rette for at dei alle får dekkja sine ulike praktiske og sosiale behov.

**ARKITEKTANE** som får i oppgåve å planleggja dei nye tettstadene, er velutdanna og oppdaterte og inspirerte av rådande europeiske trendar innan arkitektur og byutvikling. Dei lagar byplanar med britiske hagebyar som ideal, dei planlegg grøne byar med parkar og allear og bustadhus med hage.

**INDUSTRILANDSKAPET** i fabrikkbyane har endra seg. Industriegarar har kome og gått. Fabrikkbyane har etter tur opplevd dramatiske omveltingar. Produksjonen har tilpassa seg nye tider. Rasjonalisering og effektivisering har redusert arbeidsstokk og folketal.

**NOKRE BYGNINGAR** og bygningsmiljø som var sentrale i dei nye fabrikkbyane, er borte. Men i hovudsak er det bymiljøet som arkitektane planla tidleg på 1900-talet, intakt. Byane fabrikkherrane bygde, eigde og styrde er i dag på private hender. Og mange av dei nye eigarane tar vel vare på industriarven.

**HØYANGER** – Norges idealby, var tittelen i Morgenbladet. Amerikanske Fodor's guide to Scandinavia tok endå hardare i: Høyanger er ein av dei best planlagde og vakreste industribyane i verda, meinte den utsende som tok turen dit i 1966.

Dei som kom utanfrå for å rapportera frå industristadene, merka seg at byen var bygd med omtanke og med vilje til

å skapa ein vakker stad. «Det er plan i alt som er utrettet i Høyanger. Gatene er perfekt i anlegg, men aldri kjedelige, rekkebebyggelse et sted avsløses av en gruppe villaer anbragt rundt et lite haveanlegg med rislende springvann i midten.

Orden og plan over alt, men samtidig variasjon og skjønnhet – dette er en fabelaktig

by», skreiv journalisten i Morgenbladet i 1940.

I 1915 kom det ein båt roande til Høyanger der det den gongen budde 120 menneske. Om bord var åtte mann, seks svenskar og to nordmenn. Dei kom for å temja elva og byggja industri. I 1919 starta aluminiumsproduksjonen. Ti år seinare budde det meir enn 2000 menneske i fabrikkbyen.

Einar Førde skriv at historia om heimstaden hans, er historia om ei bedrift som kjende eit betydeleg samfunnsansvar, og som i uvanleg grad hadde sans for det estetiske.

Den første reguleringsplanen for ein ny by var klar i 1917. Den var laga av oslo-arkitektane Christian Morgenstjerne og Arne Eide. Dei konkurrerte med arkitekt Nicolay

Beer om dette oppdraget. Saman teikna desse tre storparten av husa i den nye byen. Dei hadde for dette, planlagt og teikna hagebyar i Oslo, mellom anna Ullevål Hageby. Morgenstjerne og Eide hadde laga reguleringsplanar og teikna hus på industristadene Tyssedal, Sunndalsøra og Glomfjord. Nicolay Beer var fast arkitekt for Bjølvefossen i Ålvik frå 1914.



– EN FABELAKTIG BY: For seksti år sidan blei Høyanger omtala som den vakreste av dei nye norske industristadene. Sidan den

# Ein norsk idealby

Høyanger er utan samanlikning den vakreste av dei nye industristadene, skreiv Arbeiderbladet i 1938. Avisa var ikkje åleine om å lata seg imponera over den nye byen inst i den tronge fjorden.



**BYPORTEN:** Fire arbeidarfamiliar flytta inn i kvart av dei to arkitekt Carl Borch, som også var med på å teikna Villabyen av alle dei 66 husa som vart bygde for Egne Hjem i perioden 45 kvadrat.





tid har byen kvitta seg med deler av den bykunsten som begeistra tilreisande journalistar. Men framleis er bymiljøet i Høyanger unikt.



bustadhusa ved Byporten i 1933. Teikningane av dette anlegget er signerte på Notodden. Desse to raudmåla husa er i dag mellom dei mest autentiske 1923 til 1935. Dei fleste Egne Hjem-husa var små einebustader på knapt



**HAN SOM BYGDE BYEN:** Ved fabrikkporten, på plassen framføre fabrikkens sitt administrasjonsbygg, står ein byste på høg sokkel med denne påskrifta: «Tilegnet direktør Sigurd Kloumann der grunnla og bygget dette sted.» Bysta av bilethoggar Dyre Vaa var ei helsing til direktøren frå høysangerfolket på 50-årsdagen hans i 1929.

**DELER AV** den byen dei skapte, er borte, mykje nytt er kome til, men ein sentral del av det opprinnelege sentrumsområdet er framleis intakt og framstår som rimeleg autentisk. Bygningsmiljøet her fortel mykje om kva arkitektur som var på moten her i landet i dei første tiåra etter år 1900. Kunsthistorikar Mona Nielsen, som i si tid skreiv hovudfagsopp-

gåve om Høyanger, meiner byen, trass i omfattande rivingar, har eit unikt bymiljø. Høyanger er eit døme på at ei enkeltbedrift greidde det mange kommunar aldri har greidd: Nemleg å skapa godt planlagde stader med bustadområde av småhus, seier ho.

**FABRIKKEN** til Norsk Aluminium Company blei plassert nær sjøen. Gjen-



**SÆBØTANGEN:** Denne modellen viser Sæbøtangen med hybelhuset «Pendenten» (nærast i biletet), «Folkekjøkkenet», «Slottet» og murgarden «Sing Sing». «Sing Sing» frå 1916 og «Folkekjøkkenet» er teikna av Morgenstjerne og Eide. Dei to andre bygga av Carl Borch på 20-talet. Heile anlegget vart rive i 1981-1983.

nom snart hundre år er fabrikkområdet endra og tilpassa ulike produksjonar, men den gamle fabrikkporten ligg framleis nede på kaien, som lenge var den store samlingsplassen i Høyanger. I dag er det Byporten som tek imot tilreisande til Høyanger. Med ei opning for køyrande, to for gåande, tårn på taket og eit velstelt raudt hus på kvar side, er dette

reine perleporten inn til industrilandskapet. Det er her, i Marcus Thranes gate, ved Musikkpaviljongen og framføre samlingshuset det skjer no. Dette er hovudgata, som endar ved kyrkja som er teikna av Arnstein Arneberg. Men vi svingar til høgre ved brua, ned Storgata, med kurs for den før omtala kaien.





# Ein norsk idealby

**HER NEDE;** mellom fabrikk og elva bygde NACO bustadområdet Parken på begge sider av gata Kloumanns allé. Store villaer for bedriftsleiinga blei liggjande bak eit plankegjerd på sjøsida. Forsegjorde firemannsbustader for arbeidarar på andre sida av veggen.

Området blei planlagt etter modell av dei engelske hagebyane, med park mellom husa og fontene i midten. Det er 28 hus i Parken som blei freda i 1993, etter at riksantikvar Stephan Tschudi Madsen hadde vore i Høyanger og minna om at dette bymiljøet har kvalitetar som er verd å ta vare på. I tiåra før dette hadde det vore smått med panegyriske reportasjar om den vakre byen. I 1970- og 80-åra var det lite snakk om at bygningar frå industrireisinga var verd å ta vare på. Villabyen frå 1916 vart riven i 1972. Denne klynga med elleve store bustadhus med hagar på eit platå vest for fabrikk, blei jamna med jorda fordi fabrikk skulle utvida og trong arealet. Husa i Villabyen var for det meste tomannsbustader. Nokre av dei var av same type som arbeidarbustadane i Parken.

**PÅ SÆBØTANGEN** bygde fabrikk eit bustadområde som både i utforming og materialbruk skilde seg spesielt mykje frå det tradisjonelle bygningsmiljøet i denne delen av landet. Med sementmurstein laga på staden, vart det reist ein stor murgard rundt eit lukka gardsrom. Ved inngangen til dette låg bustadbygget «Slotet», hybelhuset «Pendenten» og eit felleskjøken. Bogeforma portar førte inn til områda. Også her var det parkliknande fellesareal mellom husa.

Heile dette anlegget var vakkert utforma, men husværa var små og trekkfulle og stappfulle av folk. Bustadnanda var stor i Høyanger på 20-talet, mange budde i elendige brakker. Kombinasjonen låg status og aukande forfall gjorde det mogeleg å riva heile anlegget på Sæbøtangen tidleg i 1980-åra.

**SIST PÅ 80-TALET** var også Parken i sterkt forfall. Etter fredinga overtok Sogn og Fjordane Bustadbyggelag alle husa, pussa dei opp, rusta opp ute-

områda og etablerte burettslag.

I 20-åra starta utbygginga av Egne Hjem. Bedrifta skaffa teikningar og ferdig opparbeidd tomt i hagebyen som utvida sentrumsområdet nordover. Her fekk mange arbeidarar eigen bustad med hage. Få av husa har i dag det originale eksteriøret. På vår veg gjennom Hans Hygens gate ser vi at dei små husa i stor grad er om- og påbygde. Men det er mogeleg å sjå at dei ein gong var ein del av ein større og nøye gjennomtenkt heilskap.

Først etter krigen, då private for alvor byrja byggja private einestader, blei det slutt på bustadnanda.

Folkets Hus i Høyanger frå 1917 var eit stort, staseleg kvitt murhus med saltak og

to fløyar som stakk fram mot hovudgata. Bedrifta skaffa gratis tomt og arkitekt hjelp og gav fagforeninga 20.000 murstein. Huset vart rive i 1970 og erstatta av eit nytt samfunnshus.

Sjukehuset som fabrikk bygde i 1934 i lag med kommunen, vart fylkeskommunal sjukeheim på 80-talet. Den eldste kraftstasjonen frå 1918, med den store glasrosetten i sørveggen, er avskilta og erstatta. Bygningen står ved foten av den gamle røyrgata og trallebanen, som var det første som blei bygd etter at dei åtte kom roande inn fjorden. I deler av stasjonsbygningen er det laga til eit industrimuseum.

EVA RØYRANE  
JAN M. LILLEBØ (foto)  
eva.royrane@bt.no



**PARKEN:** Det er fjorten hus som dette i Parken. I dag er dette eit burettslag i regi av Sogn og Fjordane Bustadbyggelag. Heile området med i alt 28 bygningar blei freda i 1993.



**ETTERLYSER OMSUT:** Janne Bøyum har skrivne bacheloroppgåve om Parken som eit burettslag no har ansvar for å halda ved like. Bøyum synest kommunen og Hydro burde delta i vedlikehaldet av området som dei meir enn gjerne viser fram som det finaste Høyanger har å by på.



**DIREKTØRBOLIGEN:** I dag er det elektrolysesjef Eirik Johnsen med familie som regjerer i direktør-



**MESSA:** Ingeniørmessa er næraste nabo til direktørboligen i





boligen. Johnsen er oppvaksen i Odda og jobba i Årdal før han kom til Høyanger sist haust. Borna Anna Maria på 6 og Lars på halvtanna år har fin leikeplass i den romslege hagen som også har eiga bryggje.



Kloumanns allé. Hydro eig framleis desse to eigedommane. Messa er framleis selskapslokale og representasjonsbustad for bedrifta.



VIL RIVA: Høyanger har kvitta seg med sentrale bygningsmiljø frå industrireisninga. No har kommunen planar om å riva rådhuset av arkitekt Johan Lindstrøm frå 1956 for å byggja nytt.

